



Morten Arve Kolås  
Kolåsvegen 134  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1633 - 19/21040

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.07.2019

## Førebels svar på søknad om utsleppsløype - gbnr 234/45 Eide ytre

Tiltak: Utsleppsløype og etablering av vass- og avløpsanlegg  
Byggjestad: Gbnr: 234/45  
Tiltakshavar: Morten Arve Kolås  
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utsleppsløve og etablering av vass- og avløpsanlegg for gbnr 234/45 den 31.05.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknadane og har følgjande merknader:

### Avløpsløyving

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Nødvendige slamavskiljar skal inngå i kommunal slamtømming på ordinære vilkår. Det vil seia at eigedomen må ha tilkomstveg med nødvendig fri breidde, fri høgde og bereevne for tømmebilen, normalt 8 tonn akseltrykk, tanken må ikkje plasserast lenger enn 100 meter frå køyrbar veg og slamavskiljaren må ikkje plasserast lågare enn 8 meter frå veg. Det skal normalt vera mogleg å snu.

Kommunen si førebelse vurdering er at tilkomstveg til eigedomen gbnr 234/45 ikkje tilfredsstillar gjeldande krav og at slamtømming ikkje er mogleg innanfor vilkåra i slamtømmeforskrifta. Denne vurderinga er i samsvar med Norva 24 Birkeland si uttale i saka datert 27.06.2019. Vurderinga er gjort på bakgrunn av kommunen sitt kartgrunnlag, ortofoto og skråfoto. Det er ikkje gjennomført synfaring. Når slamtømming ikkje er mogleg innanfor ordinære vilkår kan omsøkte avløpsløyving ikkje godkjennast. Det må etablerast anna avløpsløyving som ikkje krev slamtømming.

Vi gjer merksam på at utslepp av gråvatn kan gå til god sjøresipient ureinsa der det ikkje er brukarinteresser og at det kan etablerast minireinseanlegg. Utslepp til tett tank vert ikkje godkjend.

### Planstatus




Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til byggeområde for fritidsbustadar, medan arealet omkring er avsett til LNF-føremål. Etablering av avløpsanlegg vil vera omfatta av det generelle plankravet i føresegn 1.1 til planen. I tillegg vil det vera i strid med strandsonerovnet i plan- og bygningslova § 1-8. Tiltaket vil følgjeleg krevja dispensasjon frå begge desse forholda.

Etablering av vassleidning i område avsett til LNF –føremål vert vurdert til ikkje å krevja dispensasjon dersom anlegget i sin heilskap er nedgravd, det ikkje vert etablert tiltak over bakken og terrenget vert reetablert slik at tiltaket ikkje gjev varige spor.

### Situasjonskart



### Plankart



### Situasjonskart og teikningar

Eigedomsgrensene går ikkje fram av situasjonsplanen. Det må sendast inn nytt kart der eigedomsgrensene viser. Avstand frå avløpsanlegg til nabogrense må først på situasjonsplanen. Kart som kan nyttast følgjer vedlagt.

Det må sendast inn dokumentasjon som viser terrenginngrep ved plassering av slamavskiljar.

### Vidare handsaming

Dersom kommunen ikkje mottar ny dokumentasjon som tilseier at vilkåra for slamtømming ligg føre vil kommunen avslå søknaden om utsleppsløyve. De kan eventuelt endra avløpsløyving slik skildra over, eller trekka søknaden. Ved å trekka søknaden vil de verta fakturert for eit mindre gebyr.

Vi ber om tilbakemelding på om de ønskjer å oppretthalda søknaden om utsleppsløyve, og at eventuell tilleggskommuneplan slik det går fram av teksten over, vert send kommunen innan **15.08.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kart gbnr 234-45

### **Kopi til:**

Morten Arve Kolås	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS
Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS

### **Mottakarar:**

Morten Arve Kolås	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
-------------------	----------------	------	--------